

*Dalen*  
*Portland*

## Frå Lovra til Latin-Amerika



Foto: Rolf M. Aagaard / Aftenposten / Scanpix

☛ **Kjartan Fløgstad** er ei særeigen røyst i norsk litteratur. Med bakgrunn i norsk industriarbeidarkultur, og med sterk interesse for Latin-Amerika, har han gjennom heile forfattarskapen bidrege med utradisjonelle innfallsvinklar og perspektiv.

☛ Kjartan Fløgstad vart fødd i 1944 på industriplassen Sauda i Rogaland. Sauda har ein sentral plass i forfattarskapen hans, ofte under det fiktive namnet Lovra. Etter sporadiske jobbar på Sauda Smelteverk, ufullførte arkitektstudium og ulike reiser – mellom anna som sjømann – fullførte Fløgstad studium i filologiske fag i 1971. Under studia byrja han på det som skulle bli levebrødet hans – skrivinga.

☛ Han debuterte som lyrikar, med diktsamlinga *Valfart* i 1968. I 1969 kom *Seremoniar*, også ei diktsamling. Første prosaverk, *Den hemmelege jubel*, kom i 1970, etterfølgt av novellesamlinga *Fangliner* (1972). Romandebuten hadde Fløgstad med *Rasmus* (1974), men gjennombrotet hans som forfattar kom med *Dalen Portland* i 1977. Denne romanen fekk han Nordisk Råds litteraturpris for i 1978. Fløgstad er ein kritikarrost forfattar som har fått ei rekkje prisar for forfattarskapen sin.



Kjartan Fløgstad med Brageprisen i 2008.

Foto: Kyrre Lien / Scanpix

I tillegg til Nordisk Råds litteraturpris har han mellom anna fått Kritikarprisen i 1980 og Brageprisen i 1998 og 2008.

☞ Fløgstad har vore ei kritisk røyst i norsk litteratur- og samfunnsdebatt i over 40 år. På 70-talet var han redaksjonsmedlem i litteraturtidsskriftet *Basar*. Forfattarskapen hans spenner vidt – frå komplekse romanar til tradisjonell krim og sakprosa. Han er også kjend for å leike med – og blande – ulike sjangrar i tekstane sine.

## Symbolisme, marxisme og spanskspråkleg kultur

☞ Dei to første diktsamlingane til Kjartan Fløgstad er modernistiske. Dei kan plasserast i ein *symbolistisk* tradisjon.



Sjå ein ung Kjartan Fløgstad snakke om lyrikken sin på NRK Skole

Mange av dikta er rike på symbol, dei er komplekse, bilettunge – og utan fast rim og rytme. Det er eit godt stykke frå desse dikta til dikt Fløgstad har skrive seinare i forfattarskapen. I fleire av romanane hans finn ein dikt – desse er tradisjonelle i forma og liknar meir på lettsyngde viser.

Fløgstads dikt har også vorte framførte til musikk, av gruppa **Vestlandsfanden**. I 1993 gav Fløgstad ut *Dikt og spelmanns-musikk 1968–1993* – dette er dikt og gjen-diktingar av forfattaren.



Kjartan Fløgstad om kva slag forfattar han er

☞ Som sakprosaforfattar har Fløgstad ein allsidig produksjon. Han har skrive reiseskildringar og samfunnskritiske og litterære essays. *Portrett av eit magisk liv*, frå 1988, er ein biografi over diktaren **Claes Gill**, men også ei historie om Gills dannelsingsreise frå industristaden Odde til Oslos vestkant. Og både *Arbeidets lys. Tungindustrien i Sauda gjennom 75 år* (1990) og boka om arkitektfirmaet **Snohetta**, *Hus som vil meg hysa* (2004), er forteljingar om eit stykke norsk industri-, bedrifts-, og kulturhistorie. I essay-samlinga *Loven vest for Pecos* (1981) argumenterer Fløgstad for at det ikkje går

an å skape eit klart skilje mellom såkalla «høg-» og «lågkultur».

☞ At eit skarpt skilje mellom genuine kunstverk og kulturindustri for massen ikkje finst, er ein sentral føresetnad for Fløgstad både som sakprosaforfattar og som skjønnlitterær forfattar. I dei komplekse romanane sine, alle med eit skrått blick på Noreg og norsk historie, har Fløgstad stort sett vore trufast mot eit marxistisk grunnsyn på verda – og mot tre hovudinteresser:

☞ For det første har Fløgstad gjennom heile forfattarskapen kjempa for nynorsk skriftspråk og skriftkultur. Han skriv på nynorsk og har i ulike samanhengar argumentert for å heve statusen til nynorsk skriftspråk og skriftkultur, noko han mellom anna markerte gjennom å gi prispengane frå Nordisk Råds litteraturpris til nettopp Noregs Mållag.

☞ For det andre har han heile tida vist lojalitet med industriarbeidarar – og med sjøfolk. Det er desse samfunnsgruppene han har ønskt å gi røyst til. Den fiktive industristaden Lovra, og sjømannslivet, er ramma for mange av romanane hans. Det er i desse miljøa han sjølv har røtene sine, det er forteljartradisjonen knytt til desse miljøa han har vakse opp med.

☞ Det tredje perspektivet som er tydeleg til stades i både skjønnlitteraturen og sakprosaproduksjonen, er interessa for Latin-Amerika og kultur frå den spansk-talande delen av verda. Fløgstad har gjendikta lyrikarar frå Cuba, spanske barokkdiktatar og chileneren **Pablo Neruda**. Han har skrivne reiseskildringar frå Latin-Amerika, og skrivne om norske emigrantar dit, og han har på ulike måtar late seg inspirere av den spanskpråklege litteraturen og kulturen.



*Då kronprins Haakon vitja Chile i 2008, la han vegen om Isla Negra der den berømte forfattaren Pablo Neruda hadde halde til. Kjartan Fløgstad til venstre.  
Foto: Lise Åserud / Scanpix*

## Nyare norsk historie i romanform

☛ *Dalen Portland, Fyr og flamme* (1980) og *Kniven på strupen* (1991) er døme på romanar om norsk historie der heile eller delar av handlinga er lagd til industristaden Lovra. Men som kritisk samfunnsanalytikar ser forfattaren ut over industrimiljøet. I *Fyr og flamme* går historia fram til byrjinga på oljeeventyret – og oljeindustrien – på slutten av 70-talet. I *Kniven på strupen* skriv Fløgstad om kjøpesenter og narkotikatrafikk, med ein internasjonal medie- og finansmarknad som bakteppe.

☛ *Det 7. klima* (1986) er ein skarp satirisk analyse, i form av ein framtidsbiografi, av vårt moderne medie- og informasjonssamfunn. Og i *Kron og mynt* frå 1998 skildrar Fløgstad mellom anna rolla til kunsten i det postmoderne mediesamfunnet – og

han skildrar eit sosialdemokrati i forfall. Fløgstad har generelt eit skeivt blikk på det norske velferdssamfunnet, og på eit kapitalistisk forbrukarsamfunn der alt blir redusert til underhaldning og forbruk.

☛ Romanen *Grense Jakobselv* (2009) skapte debatt på ulike måtar. Romanens motiv og budskap – at nazismen på mange måtar var eit eliteprosjekt, og at mange nazistar også etter krigen sat godt i ulike maktposisjonar, skapte ny debatt om krigen og oppgjeret etterpå. Men enda større debatt skapte Fløgstad med handteringa av kjelder, og *Grense Jakobselv* er ein av dei mange romanane i samtida som har skapt debatt om forholdet mellom fiksjon og røyndom. Korleis bør ein fiksjonsforfattar gå fram i høve til kjeldene sine? Kva er sant – og kva er oppdikta? Og korleis kan ein nytte fiksjonen til å seie noko om røyndommen?

# Dalen Portland



© Helge Sunde / Samfoto / Scampix

## Motiv og tema

☛ *Dalen Portland* er eit stykke industrihistorie, og eit stykke noregshistorie, frå midten av 1930-talet til midten av 70-åra. I romanen følgjer vi to generasjonar industriarbeidarar på Fløgstads oppdikta industristad – Lovra.

☛ Den første delen av romanen, kalla «Harde tak» er vigd forteljinga om Selmer Høysand. Selmer er bondeson, men i takt

med tida får han seg jobb på fabrikk i bygda – som er eigd av eit stort amerikansk selskap. Selmer er førstegenerasjons industriarbeidar, og han oppdagar fort at han kan tene mykje meir som industriarbeidar enn som bonde. Han er ein lojal og arbeidsam kar, men etter kvart innser han at identiteten hans er tett knytt til livet som bonde. Han byrjar å jobbe på familiegarden i fritida, røystar på Bondepartiet, les nynorskforfattarar med røter i bondekulturen – og deltek aktivt i fritidstilboda til bondeungdomslaget.

☛ Resten av romanen handlar om sonen til Selmer, Arnold Høysand, og Rasmus Høysand – som ser ut til å vere søskenbarnet til Arnold. Arnold er ein typisk representant for ein industriarbeidar i eit veksande velferds- og forbrukarsamfunn. Livet hans er ei rekkje grå og rutineprega kvardagar – med rekkjehus, salong og sydenferiar. Arnold er på fornamn med

programleiarane på tv og ventar ofte på at hallodama skal seie god natt før han går og legg seg. Rasmus, derimot, er på mange måtar ein utbrytar. Han veks opp med mor si, Durdei – utan å vite kven faren er. Han er ein skarp gut, og han gjer det godt på skulen, men bryt opp og reiser til sjøs. Etter nokre år på farten, og etter mange ganske eventyrlege opplevingar, kjem han tilbake til heimlandet.

☛ I siste del av romanen «Demringa i Norge» bur Rasmus i Oslo. Han har byrja å studere juss og blir tiltrekt av eit miljø med kommunistiske studentar. Rasmus er på veg inn i AKP-ml-rørsla.

☛ *Dalen Portland* kan lesast som ei realistisk skildring av eit land i endring. Fløgstad fortel historia om korleis det gamle bondesamfunnet, eit sjølvbergings-samfunn, blir erstatta av eit moderne kapitalstyrt industrisamfunn. Men roma-

nen er også ei mentalitetshistorisk forteljing. Kva skjer med einskiltindividet når eit jordbruks- og sjølvbergingssamfunn blir skifta ut med eit kapitalistisk industrisamfunn, eit mediesamfunn, eit velferds- og forbrukarsamfunn? Korleis taklar den einskilde at verdiane i samfunnet endrar seg? Fløgstad går tett inn på karakterane sine for å formidle korleis samfunnsendringane set sine spor.



Frå Sauda Smelteverk. Foto: Arild Hinna / VG / Scapix



## Forteljeteknikk: Sosialmodernisme – ein magisk sosialrealisme?

☞ Fleire har peikt på at med *Dalen Portland* fornya Kjartan Fløgstad den norske sosiale romanen. Som dei sosialrealistiske forfattarane på 70-talet har også Fløgstad ofte hatt som formål å skildre levekåra til arbeidarklassen, særleg da industriarbeidarane. Mange av karakterane hans høyrer heime i eit industriarbeidarmiljø. Men i motsetnad til dei stiliserte sosialrealistiske romanane mange av forfattarane frå Profil-krinsen gav ut, har Fløgstad heile tida skrivne med ein meir eksperimentell og leikande tone.

☞ «Demringa i Norge», overskrifta på siste delen av *Dalen Portland*, er eit døme på den leikande tonen til Fløgstad. Tittelen refererer til eit dikt av Welhaven,

«Norges Dæmring». Dette diktet var eit innlegg i debatten om Noreg og norsk sjølvstende på 1800-talet. Rasmus Høy-sands euforiske oppvakning som AKP-ar kan også lesast som ein klar parodi på ein romankarakter i ein av **Dag Solstads** sosialrealistiske romanar – Arild Asnes.

☞ Eit anna døme er tittelen på romanen, *Dalen Portland*. Dalen Portland er namnet på ein norsk sementfabrikk, men kan også lesast som eit bilete på at Lovra blir forvandla frå å vere ein norsk dal (Dalen) til å bli eit ledd i amerikansk multinasjonal kapitalisme (Portland).

☞ Fløgstads romanar har miljø og språk delvis til felles med den sosialrealistiske romanen, men Fløgstad er tydeleg inspirert av modernistiske uttrykksformer og



den latinamerikanske magiske realismen. Fløgstad blandar fantasi og røyndom og har fleire svært utfordrande eksperiment både med kronologi og forteljarperspektiv. Ofte nyttar ein nemninga *sosialmodernisme* om skrivestilen hans. *Dalen Portland* er eit døme på ein slik sosialmodernistisk roman.



Arbeidarar ved Sauda Smelteverk.


Foto: © Bernt Eide / Samfoto / Scanpix

## Vekslande forteljarperspektiv

☛ Det er fleire forteljarar i *Dalen Portland*. Forteljinga om Arnold og Selmer har ein aural, allvitande forteljar. Forteljar-en har større innsikter i samfunns-mekanismane som pregar livet til og rundt dei to, og han kan sjå både bakover og framover – slik at lesaren kan sjå karakterane i perspektiv. Forteljinga om Rasmus, derimot, er stort sett fortald av Rasmus sjølv, ja forteljar-en gir han ordet inne i forteljinga. Mot slutten av romanen får vi vite at Rasmus strevar med å skrive sjølvbiografien sin. Denne biografien opnar med den same setninga som romanen opnar med. Ein slik *leik med vekslande forteljarperspektiv* er typisk for mange av romanane til Fløgstad.

☞ Eit anna grep som peikar ut over sosialrealismen, er dei mange fantastiske episodane i forteljinga om Rasmus. Han er einaste overlevande etter ein flystyr, han blir sambuar – og ventar barn – med ei kvinne som skal vise seg å vere halv-søstera hans, og han er elles utstyrt med eigenskapar – og ein mengde flaks – som til tider verkar noko urealistiske.

☞ Den *magiske realismen* er kjenne-teikna av at overnaturlige – eller fantastiske – hendingar skjer i ei elles ganske så realistisk handling. I historia om og av Rasmus finn vi mange slike døme. *Pikareskromanen* er ein sjanger som oppstod i Spania på 1500-talet. Han er ofte skriven som ei eg-forteljing, som inneheld korte episodar og handlar om ein omreisande, eventyrlysten og skøyaraktig vagabond – ein pícaro. På mange måtar kan ein lese Rasmus som ein slags moderne pícaro.



Kjartan Fløgstad. Foto: © Luca Kleve-Ruud / Samfoto / Scanpix

## Mot eit postmoderne uttrykk

☞ Denne forma for leik med sjangrar og forteljarnivå er typisk for eit postmoderne uttrykk. Fløgstad låner og blandar tekstar frå ulike tekstkulturar, og seier sjølv at det er tre ting som har hatt mykje å seie for forfattarskapen hans: forteljartradisjonen knytt til smelteverket i Sauda, spansk-språkleg litteratur og kinoen i Sauda. Her såg han mange krim- og cowboyfilmar.

☞ I novella «Riksvegen vestover», frå 1972, møter vi ein drosjesjåfør som har lånt fleire karaktertrekk frå cowboy-litteraturen. Hovudpersonen, drosjesjåføren, les Morgan Kane, da han får ein tur til Vestlandet. Undervegs utviklar han seg til å bli meir og meir lik Morgan Kane, tenkjer som han og handlar som han. Kvinnene i novella har også klare trekk frå

det noko føreseielege og klisjéfylte kjønnsrollemønsteret i populærkulturen. Slike *intertekstuelle* grep er typisk for Fløgstad – og for det postmoderne uttrykket generelt.

☞ Eit anna typisk postmoderne trekk ved fleire av tekstane til Fløgstad er at dei er *metafiksjonelle*. På ulike måtar kommenterer teksten seg sjølv som tekst, forteljaren kommenterer til dømes at han skriv ei forteljing. Fløgstad bruker mellom anna slike forteljargrep i romanane *Dalen Portland*, *Fyr og flamme* og *Det 7. klima*. Fleire har peikt på at *Det 7. klima*, som er ein kompleks og sjølvmedviten tekst om det postmoderne informasjonssamfunnet, er det nærmaste vi kjem ein postmoderne roman i norsk 80-tals litteratur.

